



Arkivnr: 2017/1146-1

Saksbehandlar: Camilla Moe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

Ny innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Dei gjeldande Retningsliner for innkjøp i Hordaland fylkeskommune vart sist revidert i 2009. Fylkesrådmannen meiner det er naudsynt med ein revisjon av desse. Innkjøpsseksjonen har derfor utarbeida utkast til ein ny Innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune, sjå vedlegg.

Ny Innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune er utarbeidd i tråd med Hordaland fylkeskommune sin visjon og verdiar. Samstundes ivaretek den nye innkjøpspolitikken endringane som følgde av at nytt anskaffingsregelverk trådte i kraft 1. januar 2017. Det nye regelverket har auka fokus på at viktige samfunnsomsyn som miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold vert tatt omsyn til i innkjøpsprosessane. Innkjøpsseksjonen har i den nye Innkjøpspolitikken fastsatt viktige innkjøpsprinsipp som mellom anna omhandlar dette.

Forslag til innstilling:

Fylkestinget vedtek at det framlagte utkastet til innkjøpspolitikk vert gjort gjeldande som Hordaland fylkeskommune sin innkjøpspolitikk.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.02.2017

Dei gjeldande Retningsliner for innkjøp i Hordaland fylkeskommune vart sist revidert i 2009. Fylkesrådmannen meiner det er naudsynt med ein revisjon av desse. Innkjøpsseksjonen har derfor utarbeida utkast til ein ny Innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune, sjå vedlegg.

Ny Innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune er utarbeidd i tråd med Hordaland fylkeskommune sin visjon og verdiar. Samstundes ivaretek den nye innkjøpspolitikken endringane som følgde av at nytt anskaffingsregelverk trådde i kraft 1. januar 2017. Det nye regelverket har auka fokus på at viktige samfunnsomsyn som miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold vert tatt omsyn til i innkjøpsprosessane. Innkjøpsseksjonen har i den nye Innkjøpspolitikken fastsatt viktige innkjøpsprinsipp som mellom anna omhandlar dette.

Dei nye innkjøpsprinsippa i innkjøpspolitikken for Hordaland fylkeskommune er som følgjer:

1. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre innkjøpa sine i tråd med lover og forskrifter, og med særleg fokus på dei grunnleggjande prinsipp i anskaffingsregelverket
2. Hordaland fylkeskommune skal opptre med integritet i innkjøpsprosessane
3. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre så kostnadseffektive innkjøp som mogleg
4. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre profesjonelle innkjøpsprosessar av høg kvalitet
5. Hordaland fylkeskommune skal leggje til rette for lokal gjennomføring av innkjøp
6. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre miljøvenlege innkjøp
7. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp
8. Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre innovative innkjøp
9. Hordaland fylkeskommune skal sikre effektiv bruk av inngåtte avtaler og drive strategisk kontraktsoppfølging og leverandørutvikling
10. Hordaland fylkeskommune skal sikre kontinuerlig forbetring og redusering av risiko i alle innkjøp

Konsekvensar

Slik fylkesrådmannen vurderer saka vil ikkje endringane som følgjer av det nye regelverket eller av ny Innkjøpspolitikk for Hordaland fylkeskommune føre til auka utgifter. Endringane vil kunne handterast fullt ut med dagens ressursar på feltet.